

Lyrikk

En Lyrisk stafett

I denne lyriske stafetten vil vi at kolleger skal dele stemninger, tanker og assosiasjoner rundt et dikt som har betydd noe for dem, enten i arbeidet eller i livet ellers. Den som skriver får i oppdrag å utfordre en etterfølger. Slik kan mange kolleger få anledning til å ytre seg i lyrikkspalten. Velkommen og lykke til!

Tove Rutle – lagleder

Sjølv om eg vil karakterisere meg sjølv som godt over gjennomsnittet litteraturinteressert, har eg likevel til gode å lese ei diktsamling frå perm til perm, heller har eg ikkje fordjupa meg i enkelt dikt i større grad. Men innimellom har lyrikk fanga meg og enkelte dikt vender eg tilbake til, og då særleg på nynorsk. Det kan nok verke forslitt og klisjefyllt å hevde at det nynorske språket er spesielt lyrikkvenleg, men enkelte nynor-

ske lyrikar klarer å skape klangar med språket som fangar heilt spesielle stemningar, synst eg. Ein av mine favorittar er Olav Nygard, fødd i Modalen i Nordhordaland i 1884. Han var, mellom anna, inspirert av dei engelske romantikarane som Keats og Shelley, og som dei, balar han med store tema, midt i den romantiske diktartradisjonen; livet, døden, naturen. Eit av hans mest kjente dikt, er «No reiser kvelden seg»

No reiser kvelden seg

No reiser kvelden seg i vesterbrun,
han trør paa lette føter gjennom tun
og skuggeveven fjell imillom hengjer.
Det gjeng ei kviskring gjennom kjørr og lyng,
og talatrasten skifter ljod og syng
med avdagsskjelven under sine strengjer.

Men dagen tek sin gangar fast i taum,
tek ferdakaapa paa med gullrend saum
og burt fraa blaane etter blaane skundar.
Det gular gjennom svale dal og lid
der skuggen ventar natta, brura si,
og ør i sine elskhugsdraumar blundar.

Med linne andedrag stig natta inn,
med myrke lokkar kringum hals og kinn
og herdaduk av alvelette eimar.
Og kløkke lundar, æolsharpe-klang,
ris bljuget som gjenteborn or moderfang
og sviv paa lettan fot i svale heimar.

Det gjeng ein sælbiv imillom fjell
so fræa emnar seg og hamsar fell
og undrings-øre augo upp seg vender:
Or djupe himlar slår ein baaregong
av evig skapings-gir og sfæresong
som helsar frendeblidt mot døkke strender.

Olav Nygard



FOTO: KARIN RYDENBERG

Eg synst at han lekamleggjer kveldinga på ein nydeleg måte. Eg forstår ikkje alle orda, språket er til tider komplisert, men samanstillinga av ord og klangar, samt rytmen, viser fram noko som ein elles ikkje klarer å skildre med ord.

Eg takkar Gøril Sollie for utfordringa og sender stafett-pinnen vidare til Åge Slyngstadli, tidligere studiekollega frå Bergen, no fastlege i Nittedal.

Lisbeth Homlung